

## **Surnadal IL stoppar all aktivitet**

**På grunn av den pågåande situasjonen med koronaviruset og anbefalingane frå Norges skiforbund og Norges Fotballforbund har Surnadal IL vald å stoppe all aktivitet i alle grupper til og med 30. april.**

Dette gjeld alle treningar, kampar/konkurransar og samlingar.

Det er sjølvsagt leit at vi må stoppe all aktivitet, men i lys av situasjonen er dette det einaste rette å gjere. Surnadal IL skal vere med i den nasjonale dugnaden for å hindre smittespreiing og då er dette det mest effektive tiltaket vi kan gjere. Vi meiner det er rett å stoppe all aktivitet og ikkje berre i dei gruppene der særforbunda har stoppa aktiviteten.

Framover skal vi følge råda frå helsemyndigheitene, kommunen og Idrettsforbundet.

Kveldens årsmøte i hovudlaget vil gå som normalt, men vi bed på det sterkaste alle som har vore i område med smittespreiing eller har symptom som kan stemme overeins med korona om å ikkje møte opp.